



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Innkalling og saksliste Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde møte nr. 3/2022 – Ulstein kommune, kl 10:00 – 15:00

| Organisasjon | Navn og stilling | Funksjon | Møtt 2/9 |
|---|---|----------------------------------|-------------|
| Helse Møre og Romsdal | Mona Ryste, Rådgivar Klinikk Volda sjukehus | Representant og nestleiar LSU | X |
| Helse Møre og Romsdal | Miriam Wiksnes vara for Palma Hånes Klinikksjef Klinikk Volda sjukehus | Representant | X |
| Helse Møre og Romsdal | Anita Myklebust Nybø Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab. | Representant | X |
| Helse Møre og Romsdal | Kari Standal Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus | Representant | X |
| Helse Møre og Romsdal | Hallgrim Myklebust Seksjonsleiar DPS | Representant | X |
| Hareid kommune | Ottar Røyset Kommunalsjef | Representant | X |
| Herøy kommune | <i>Ventar ny representant</i> | Representant | |
| Sande kommune | Bård Dalen Helse og omsorgssjef | Representant | |
| Ulstein kommune | Marit Botnen Kommunalsjef | Representant | X |
| Vanylven kommune | Cecilie Lillejord Oppedal Kommuneoverlege | Representant | |
| Volda kommune | Svein Berg-Rusten Kommunalsjef | Representant | X |
| Ørsta kommune | Renathe Rossi-Kaldhol Kommunalsjef | Representant | X |
| Fastlege/Praksis- konsulentordninga | Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR) | Representant | X |
| Fastlege/Praksis- konsulentordninga vara | Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR) | Vararepresentant | |
| Brukarrepresentant kommune | Eilin Reinaas Norges Handikapforbund (NHF) | Representant | X |
| Brukarrepresentant HMR | Janne Remøy Endresen SAFO/NFU | Representant | X |
| Brukarrepresentant kommune vara | Solveig Vatne NRF | Vararepresentant | |
| Brukarrepresentant HMR vara | Asle Jon Giske FFO | Vararepresentant | |
| Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre | Oddvar Marøy Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre | Sekretariat | X |
| Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR) | Sissel Ørstavik Aase Rådgivar seksjon for samhandling i HMR | Sekretariat | X |

Andre tilstades:

Hildegunn Utgård (Ulstein kommune)

Mette Grytten (HMR), Renate Pedersen (Ulstein kommune), Manuela Strauss (HMR) (sak 28/22).

| | |
|-------------------|-------------------------------------|
| Utvalg | Lokalt samarbeidsutval Volda |
| Møtenummer | Møte nr. 3/2022 |
| Dato | Fredag 2/9 - 2022 |
| Tidspunkt | Kl. 1000 – 1500 |
| Møteleiar | Mona Ryste |
| Referent | Oddvar Marøy/ Sissel Ørstavik Aase |
| Stad | Holsekerdalen 20, Ulsteinvik |

Saksliste:

| Saksnr | Emne | Saksbehandlar / ansvarlig |
|--------|---|--|
| 23/22 | <p>- Velkomen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde.</p> <p>- Mona opna møte med å gratulere Ulstein kommune som ligg på topp på kommunebarometeret. Kort presentasjonsrunde, velkomen til nye representantar Ottar Røyset ny kommunalsjef i Hareid, Renathe Rossi-Kaldhol ny kommunalsjef i Ørsta og Miriam Wiksnes kliniksjeff Volda sjukehus.</p> <p>- Innkallinga vart godkjent utan merknad.</p> <p>- Ingen saker til eventuelt.</p> | Ved nestleiar LSU Volda Mona Ryste |
| 24/22 | <p>Godkjenning av referat frå møte nr. 2/2022 i LSU Volda sjukehusområde (frå 10/6-22).</p> <p>Referat frå førre møte godkjent utan merknad.</p> <p>Referata kan lesast på nettsidene til Helsefelleskap/LSU Volda</p> | Ved nestleiar Mona Ryste |
| 25/22 | <p>Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering</p> <p>Kommunar Ulstein toppar kommunebarometer. Helseplattformen er sak som kommunane har starta førebuingsarbeid for oppstart 2024. Utfordring til helse og samhandlingsplan</p> <ul style="list-style-type: none"> - Døgntilbod psykisk helse - Rekruttering av helsepersonell / fagstillingar <p>Alle kommunane har økonomiske utfordringar. Digital heimeoppfølging i samarbeid med felles legevakt.</p> <p>Volda sjukehus (sjå vedlagt presentasjon). Arbeid med nybygg i rute. Jamn auke av pasientar til klinikk Volda siste åra. 2022 om lag likt med 2021 hittil i år, men forventar også ein auke dette året. Har få fristbrot på ventetid. Utskrivingsklare pasientar er ikkje ei utfordring i vårt område. Nye LIS1-legar starta ved sjukehuset 1/9. Helseplattforma er noko forseinka, men førebuingar er i gong. Oppstart Volda i veke 12 og 13 2023.</p> | For kommunar /sjustjerna helse og omsorg ved Svein Berg-Rusten Ved Mona Ryste |

| | | |
|-------|---|--|
| | <p>Nytt beredskapsrom opna og vil gjere samhandling med eksterne vert optimalisert.</p> <p>Fagmøte/dialogmøte for legar 18/10-22.</p> <p>Mork rehabiliteringsenter får lite pas. frå Sunnmørskommunane. Mest henvisning frå andre delar av fylket. Mogleg etterverknad etter pandemien. Det kom fram på møte at legar var ukjende med henvisningsrutinar. Over bordet fekk representanten frå Mork rehabiliteringssenter invitasjon til felles legemøte mellom kommunane og sjukehuslegane for å informere om henvisningsrutinar. Flytting til nye lokaler i Volda er utsett/sett på vent.</p> | Ved Anita Nybø |
| 26/22 | <p>Handlingsplanar i Helsefelleskapet</p> <p>Orienteringssak.</p> <p>3 nye handlingsplanar skal til godkjenning i SSU 16.11:</p> <p>Behandlersamarbeid, Svangerskap, fødsels- og barselomsorg og IKT-løsninger og elektronisk samarbeid. Innspelsmøte 4. oktober (teams), så også her vil ein måtte gi innspel i mellom dei ordinære LSU-møta våre.</p> <p><i>Forslag vedtak: Tek orientering til vitande. Oppmodar om deltaking i felles innspelsmøte digitalt 4.oktober med kort møte for medlemar i LSU Volda direkte i etterkant for å sikre innspel. Med moglegheit for skriftlege innspel ei periode i etterkant.</i></p> <p><i>Kommunar og helseføretak skal gjere vedtekne handlingsplanar kjende i eigne organisasjonar.</i></p> | Ved nestleiar Mona Ryste |
| 27/22 | <p>Barn og unges helseteneste (BUHT)</p> <p>Orientering – status i Møre og Romsdal vedrørande satsinga Barn og unges helsetenestene. Har brukt og lært gode døme frå Helse Finna sin modell over 7 samhandlingsforløp. <i>Sjå vedlagt presentasjon.</i></p> <p><i>Forslag vedtak: LSU Volda tek saka til vitande.</i></p> | Kari Standal, repr. prosjektgruppe BUHT |
| 28/22 | <p>Barneblikk</p> <p>Barneblikk: Satsinga og bredding av tilbodet (<i>sjå vedlagt saksframlegg og presentasjon Barneblikk</i>) Les meir om Barneblikksatsinga her.</p> <p>Presentasjon av Barneblikkprosjektet og plan for implementering etter prosjektperioda frå hausten 2022. Hatt fokus på nettverksbygging med samarbeidspartar både i kommunar og i HMR/BUP. Barneblikk skal vere eit kommunalt tilbod med støtte frå spes.h.tjenesta</p> <p>Gjennom nettverkssamlingar har fagmiljøa klargjort kva forbetningspunkt det er behov for å ha særleg fokus på. Utfordrande å få med fastlegar i prosjektet. Prosjektperioden er ved ende og fortsettelse med bredding og nye avtalar skal evt. fornyast hausten 2022.</p> <p>Barneblikksatsinga inneheld mange gode førebyggingsaspekt.</p> <p>Drøfting omkring organisering i den enkelte kommune, økonomi rundt dette, bortfall av prosjektmidlar og vurdering av evt. samordning mellom kommunar. Breddinga må foregå stegvis. Erfaring frå Ulstein er ein god måte å samhandle på.</p> <p><i>Vedtak: Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde tek saka om Barneblikk til orientering.</i></p> | Ved koordinator barneblikk Mette Grytten (HMR) og fagansvarleg i Barneblikk familieteam i Ulstein Renate Pedersen Avdelingssjef Manuela Strauss, koordinator |

| | | |
|-------|---|--------------------------|
| | <p><i>Kommentar til vedtak: Vi stiller oss positive til vidare satsing og bredding av tilbodet og ynskjer å kome tilbake til saka når ein realistisk og gjennomførbar plan for bredding ligg føre.</i></p> | |
| Lunsj | <p>Lunsj inkludert orientering v/ Ulstein kommune</p> <p>300-metersbyen Ulstein kommune tidleg ute med satsing på heimetenester som alternativ til sjukeheimsutbygging. Heilskapleg innsatstrapp, fokus på tidleg innsats. Kostnader til PLO ligg lavare i Ulstein enn med samanliknbare kommunar, stadig større del av utgiftene går til yngre brukarar, ikkje dei eldste. Susessfaktorar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tverrfagleg fokus og planer som heng saman. - Aktiv deltaking i planarbeid i kommunen. - Samling av HO-tenester i sentrum. - God tilrettelegging for brukarar av kommunale tenester som får butilbod i sentrum, både kommunalt og privat. - Godt samarbeid med private utbyggjarar. - Gode møteplassar i sentrum for alle. - Stabil leiging - Barneblikk? <p>Satsing på velferdsteknologi saman med sjustjerna: Nasjonalt prosjekt frå 2018 Digitale tryggleiksalarmar Digital heimeoppfølging Medisinering Digitale tilsyn, GPS, KOMP Vidare satsing: Samarbeid med andre sektorar i kommunen som gir tenester/tilbod til unge brukarar. Utfordring ved bruk av nokre løysingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Varslings og sporingsteknologi krev samtykke. - Nokre brukarar går glipp av tilgjengeleg teknologi grunna lovverk. | Ved Marit Botnen |
| 29/22 | <p>KAD – plassar Gjennomgang av retningslinene som vert nytta på søre Sunnmøre. Bruk av KAD-plassane er ulik i kommunane. Viktig at avdelingane og innleggande instansar er godt kjende med retningslina (<i>oppdatert retningslinje ligg ved</i>).</p> <p><i>Vedtak: LSU tek retningslinja til vitande. Oppmodar om at retningslina vert gjort kjent for henvisande instansar.</i></p> | Ved Oddvar Marøy |
| 30/22 | <p>Mål – strategi – retning Oppfølging av sak 15/22 om strategi LSU Volda frå møte nr. 2/22. Fire hovudretningar er valt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vellukka kultur for samhandling | Ved nestleiar Mona Ryste |

| | | |
|-------|---|------------------|
| | <ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering og felles kompetansebygging • Tydleggjering av utfordringsbilete og skape forbetring • Proaktiv i Helsefelleskapet <p>Kompetanseplan Gjennomgang av oppdatert Kompetanseplan. Sjuksterna sjekkar ut kven som er kontaktperson i ulike (kommunale) fagnettverk. Oppdatert kompetanseplan ligg som vedlegg og vert publisert på LSU Volda sine nettsider: Lokalt samarbeidsutval Volda - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no) Dei komande fagdage som skal arrangerast er: BUP 6/10 Psykisk helse 4/11 Geriatri januar 2023</p> <p><i>Vedtak: LSU Volda tek kompetanseplanen til orientering og jobbar for å gjere innhald kjent i sine organisasjonar. Arbeidsgruppe for Geriatrisk fagdag vert valt basert på forslag frå noverande arbeidsgruppe.</i></p> <p>Råbra – status Alle kommunane oppnemner kontaktperson som kan legge til rette for bruk i eigen kommune. Volda sjukehus har i tillegg til intern bruk også gitt Råbra-merksemd til kommunane på søre Sunnmøre. Positiv merksemd fremjar meir av ynskt aktivitet og handling.</p> <p><i>Vedtak: LSU Volda tek saka til orientering. Kvar kommune melder inn ein kontaktperson til Mona Ryste.</i></p> | |
| 31/22 | <p>Samhandlingsavvik Årsrapport samhandlingsavvik (<i>vedlagt årsrapport 2021</i>). Kva fortel rapporten om utfordringar ein må ta tak i lokalt og korleis bruke rapporten til forbetringstiltak? Evt. gjennomgang saksframlegg til SSU 14. sept. om det ligg føre.</p> <p>Oddvar Marøy har gjennomgang av samhandlingsavviks-rapport 2021 (vedlagt). Det har vore ein dramatisk nedgang mtp. avvik meldt frå kommunane til HMR i 2020 til 2021. Det har vore ei omlegging av måten man melder avvik gjennom Altinn og man ser for seg at dette er fordi det manglar klar adresseringslinje. I tillegg treng ein at samhandlingsavvika/rapporten er så grundig at man kan hente ut relevant statistikk for Søre-Sunnmøre og Volda sjukehusområde. Kvalitetsrådgivar Mona Ryste sit også på stasisikk over avvik mellom volda sjukehus og kommuner, kan dette delast/gjerast kjent for å kunne forbetre?</p> <p><i>Vedtak: LSU Volda tek orienteringa til vitande og oppmodar om at det vert sett i verk ulike forbetringstiltak. LSU Volda ønsker at årsrapporten/samhandlingsavvik er meir spesifikk på geografisk</i></p> | Ved Oddvar Marøy |

| | | |
|-------|---|-------------------------|
| | <i>område/Søre Sunnmøre, for å kunne jobbe meir presist med kvalitetsforbetring.</i> | |
| 32/22 | <p>Representasjon LSU Volda</p> <p>Etter nytilsettingar i kommunane har sjustjerna bestemt å dele funksjonen som leiar i Sjustjerna og leiar i LSU-Volda dei gongane dette fell på kommunerepresentantane.</p> <p>Ny leiar LSU-Volda vert kommunalsjef Ørsta – Renathe Rossi-Kaldhol.</p> <p>Vararepresentant til SSU frå kommunen vert Svein Berg-Rusten.</p> | Nestleiar Mona Ryste |
| 33/22 | <p>Eventuelt</p> <p>Neste møte: 4. oktober 12.30 – 1500: Innspelsmøte handlingsplanar Helsefellesskapet.</p> <p>Neste ordinære LSU-møte fredag 2. desember ved Volda sjukehus 10 – 15.</p> | Nestleiar Mona Ryste |